




# Invitasjon til songarstemnet «Velkomne over brua» Nordøyane 31.mai – 2.juni 2024



Kor For Oss ser fram til å arrangere songarstemne i 2024. Vi har arrangert songarstemne 2 gongar før – i 1998 og 2011.

Kor For Oss har som mål for stemnet å vere i lag med songarvenner frå fjern og nær i ei god musikalsk ramme der vi kan gi og få god inspirasjon.

Vi satsar på å bruke og vise fram alle Nordøyane men hovudaktivitetane vert på Haramsøy og Flemsøy / Skuløya.

- **Påmelding til NK Sunnmøre:**

[PÅMELDING Songarstemne på Sunnmøre 2024](#)

**Programmet** for stemnet vert i hovudsak slik, men det kan naturleg nok kome nokre endringar:

**FREDAG:**

- Mottak av kor – Stemnekontor på Haramsøy skule
- Kveld: Sosialt samkome i Sjøbuda på Haramsøy småbåthamn
- Servering av Lidvars fiskesuppe, pub og litt underhaldning



**LAURDAG:**

- Mottak av kor – Stemnekontor på Haramsøy skule
- Korkafé
- Lydsjekk Haram kyrkje
- Songarhjørne
- Opning av stemnet ved Haramsøy skule
- Songartog til Haram kyrkje
- Kyrjekonsert
- Songarfest på Nordøy Grendahus



**SØNDAG:**

- Gudsteneste i Haram kyrkje.  
Kor som ynskjer det, kan delta
- Songarhjørne
- Lydsjekk profankonsert
- Profankonsert



# Kor For Oss



- **Kor For Oss er eit blandakor med medlemmar frå Lepsøy, Haramsøy, Flemsøy/Skuløy og også nokre frå fastlandet.**
- **KFO vart stifta i 1991**
- **Dirigent er Jens Aksnes**
- **Leiar er Reidunn Rogne Flem**
- **Koret har om lag 35 medlemmar**
- **Repertoaret varierer i alt frå kyrkjemusikk og viser til disco og populærmusikk**



## Generell informasjon:

- På grunn av begrensa kapasitet kan vi ikkje ta imot meir 200-250 gjester.
- Stemnekontor og stemnekafé vert på Haramsøy skule vert ope alle dagar.
- Det vert høve til å kjøpe frokost både laurdag og søndag
- Middag laurdag under songarfesten
- Middag søndag Haramsøy skule
- Transport skal vi ordne når vi har endeleg påmelding og ser behovet. Det er fyrst og fremst i samband med sosialt samkome på fredag og songarfesten på laurdag vi ser behov for dette.
- Overnatting: Vi ber kora ta kontakt direkte med overnattingsstadane. Desse har fått reservert fram til 31.01.24, men det kan vere lurt å vere tidleg ute – sjå elles vedlegg om dei ulike overnattingsstadane.
- PRISAR:
  - Stemnekontingent pr. deltakar: kr. 250
  - Når det gjeld prisar for sosialt samkome fredag, frokost laurdag og søndag, songarfest og middag søndag kjem vi tilbake til dette, men vi vil legge oss på eit fornuftig nivå.
  -

### • Kontakt oss i Kor For Oss:

|                       |                  |  |
|-----------------------|------------------|--|
| Lars Ulla             | mob:<br>95709447 | E - post: <a href="mailto:larsulla60@gmail.com">larsulla60@gmail.com</a> |
| Reidunn<br>Rogne Flem | mob:<br>99526013 | E- post: <a href="mailto:reidunnf@online.no">reidunnf@online.no</a>      |



***Vi ynskjer alle hjarteleg velkomne til Nordøyane!***

Vedlegg:

## Brattvåg Fjord Hotell

6 deluxe rom (oppgradert dobbeltrom)

14 dobbeltrom

16 enkeltrom

Og 1 familierom med plass til 3 voksne.


Ønsker du å komme i kontakt med oss?

Send oss en epost: [post@brahotell.no](mailto:post@brahotell.no)  
eller ring oss på +47 70 21 05 55

Deadline bestilling 31.Jan 2024



[www.brahotell.no](http://www.brahotell.no)



Vedlegg:

## **Finnøy Bryggehotell – helt ytterst i havgapet**

46 doble rom reservert til stevnet.

4 familierom er ikkje reservert, men mulig å bestille.


Mob: 95 99 15 05 | Tlf: 71 27 58 50

Deadline bestilling 31.Jan 2024

[kristina@finnoybryggehotell.no](mailto:kristina@finnoybryggehotell.no)

[www.finnoybryggehotell.no](http://www.finnoybryggehotell.no)

Finnøy Bryggehotell ligger helt ytterst i havgapet med kort avstand til en rekke aktiviteter og attraksjoner. Utvalget er mangfoldig og variert og vil passe for dei fleste.



### **Bad og velvære «Håp i Havet»**

Badlandet Håp i Havet har en spektakulær beliggenhet på stolper i fjæresteinene med utsikt mot det røffe Norskehavet.

[Håp i Havet - Bad og velvære](#)

Vedlegg:

## Velkommen til Gunnabuda

### - eit kysteventyr på Sunnmøre

Vi tilbyr servering, overnatting og aktivitetar heilt ute i havgapet.

Du finn oss på Longva som ligg på øya Skuløy/Flemsøy i Haram kommune nord for Ålesund.

Gunnabuda er ei sjøbud der det før vart produsert klippfisk og skaldyrhermetikk - i dag nyttar vi desse flotte lokala til servering. Kystkulturen sit bokstaveleg talt i veggane!

Du kan overnatte i hytter og rom, og vi har mange ulike aktivitetar å by på.

Vi ønsker velkomne til opplevingar i eit maritimt miljø!



Kontaktinformasjon: Mette Krogseter. Tlf 70217816. [post@gunnabuda.no](mailto:post@gunnabuda.no)

Priser: Ta kontakt for pris.

Sjøbuda har 4 dobbeltrom med mulighet for ekstra oppreiiing.


3 Hytter. Hytte 1 har 7 sengeplasser. Hytte 2 har 8 sengeplasser. Hytte 3 har 5 sengeplasser.

Deadline bestilling 31.Jan. 2024

Gunnabuda

Longvafjordvegen 529

6293 Longva





Vedlegg:



## Gjestehamn / Bobil

Det er gjestebrygge rett ved sjøbuda, med straum og vatn.

Bobiler kan stillast opp på plassen. Det er straumbokser på plassen.

Det er toalett-tømmestasjon rett ved havneområdet.

Det er tilgang på toalett/dusj og vaskerom i sjøbuda.

Døgnpris: 200,- med alt inkludert

## Kontakt oss:

E-post: [post@hslag.no](mailto:post@hslag.no)  
Hamnespørsmål: Johan Ole (91 78 98 58)  
Kasserar: Margrete (9001 7752)  
Utleige: Aksel (92 80 37 95)  
Gunnar (91 79 56 78)  
Leiar Terje: 90 74 32 95

## Her finner du oss

Beveg deg i kartet



Døgnpris endra til 250.



Vedlegg:

## Larsgarden



Gangavstand til Ulla Fyr.

Kontaktinfo: Siv Ulla Otterlei. Tlf 95836395

Antall soveplasser/ Rom: 10/ 4 – 5 ( pr. 08.08.2023 er 2 rom klar )

Pris pr person: Pris på forespørsel

Deadline bestilling 31.Jan 2024



Vedlegg:



**Lepsøy**  
**Misjonscenter**

# PRESTEGARDEN

Framsida | Utleige ▾ | Prisar | Historie | Om oss | Galleri | Kontakt oss | Kart | Lenkjer ▾

## Hovudhuset

I hovedhuset er der 2 store stover, der den eine er spisestove. Det gamle prestekontoret er no ei lita stove. Kjøkkenet er velutstyrt med det meste ein treng til kvardag og fest, frå bestikk og dekketøy til 2 komfyrer og oppvaskmaskin. På loftet er der 5 soverom med tilsaman 18 sengeplasser, dusjrom og toalett.

På loftet er der 3 rom med 4 senger, og 2 rom med 3 senger. Om ein er dårleg til bein, finnes det ei seng i hovedetage, på prestekontoret. Her står det også einsovesofa. Det er dynner og puter til alle senger, og ein kan velge om ein vil leige sengkler eller ta med sjølv.

Til butikken er det ca 3 km.  
Opningstidene på butikken er:  
man.- laur. 9-18  
For varebestilling: 70 21 80 00




18 sengeplasser

Pris pr sengeplass NOK400.-

Fellesgebyr for vasking NOK2000.-

Kontakt bestilling: Beate Kjerstad Telefon 93067663

Deadline bestilling 31.Jan. 2024.



Vedlegg:



**S**jur-Ola Sjøstover finner du på sørsida av Haramsøy, i Haram kommune på Sunnmøre. Haramsøy ligg ytterst ute i havgapet omgitt av hav, fjorder, et rikt sjøliv og vakker natur. Haramsøy er den ene av nordøyene, som ligger som perler på en snor på Norges vestkyst.

Det er fire hytter, alle med flere soverom, bad og terrasse.  
Hyttene har litt forskjellige størrelser:

**Hytte 1:**

2 soverom + hems

Vaskerom

**Hytte 2:**

2 soverom + hems

Vaskerom

**Hytte 3:**

3 soverom + hems

**Hytte 4:**


5 soverom

Priser: På forespørsel

**Kontakt for bestilling : +47 90741934**

**Email: [ola-aus@online.no](mailto:ola-aus@online.no)**

**Deadline bestilling 31.Jan. 2024**





## Vedlegg:

**Det er ikkje bokka rom på Systra i søvik ettersom dei ikkje ønska å låse romma i tilfelle verftet trengte rom.**

### **SYSTRA HOTEL SØVIK**

6280 Søvik

[www.systra.no](http://www.systra.no)

Deadline bestilling 31.Jan 2024

18 dobbeltrom og 2 enkeltrom med bad, tv og wifi


Herav 8 med minikjøkken

Fellesfasilitetar:

- Kjøkken
- Vaskmaskiner
- Tørketromler



[Booking Systra Hotel Søvik](#)



## Vedlegg:

# ULLA FYR

## UTLEIGE



Ulla fyrstasjon kan leigast ut til den som måtte ønske det.  
Det er verd å merke seg at fyrstasjonen er freda av riksantikvaren.

Det er i alt 18 senger, fordelt på seks rom i andre etasje i hovedhuset. I kjellaren er det ein dusj og eit vakuumpolett. Utleigereglar er oppslått i inngangspartiet.

"Fyrbetjenten" (naustet) høyrer med i leiga.

Det er det plass til omlag 30 personar rundt eit langbord. Etter avtale kan "Fyrbetjenten" leigast separat. Leigetakar skal til vanleg sjekke ut innan klokka 12:00.

Røykjelova gjeld her som på alle andre stadar, så det er ikkje lov å røyke innomhus.

Det kan etter avtale ordnast med omvisning på sjøve fyrtårnet.

### Fyrstasjonen:

#### Prisar:

Leige av fyrstasjonen pr. helg: kr 3000,-

Evt. tillegg pr dag.: kr 1500,-

Tillegg for bruk av seng pr. person pr.døgn: kr 100,-

Tillegg for sengetøy pr.person: kr 50,-

Leige av huset ei veke : kr 6000,-

Tillegg for vask: kr 1000,-

(Med atterhald om endringar)

Kontaktperson: p.t. **Karl Olsen**, tlf: 9050 0516 (send helst melding)



## Håmsøy

Håmsøya ligg ytst ute mot havet på Sunnmøre i Vest-Norge. Det går hurtigbåt til Ålesund (ca 40 minutt) til fergjekai på Austnes.

Det går bilferge mellom Austnes - Kjerstad (Løvsøy) og Skjellen (Fastlandet).

Mellom Håmsøy og Longva er det ei bru som bind desse to øyane i lag. Det bur omlag 1200 menneske på øyane i dag.

Øyane har ein flott natur. Kvernholmen ved Ulla, Håmsgardane, Flemsvikane på Longva, og Rønsthellaren på naboøya Lepsøy er plassar det er vel verdt å oppleve.

Det er flatt og fint å sykle på alle tre øyane.

Det er òg ein flott opplevelse å gå på fjellet på alle tre øyane. På Håmsøya går det fjellvei frå Ulla og over fjellet til Haram. På Longva er det vei opp på fjellet frå Flem. Desse vegane er av variabel stand, men stort sett farbar med vanleg bil.

På Austnesfjellet er det opa hytte (Stormrytta) med vedovn, og høve til kano-leige. Enklaste vegen dit er frå byggjefellett på Austnes. Følg merka sti.

Haram Kyrkje er òg verdt eit besøk. Den er ofte opa på sommarstid.

Deadline for bestilling 31.Jan 2024